

Førde, 07.05.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Driva kraftverk og Åmot kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Ettersom Driva kraftverk og Åmot kraftverk ligg i den same elva, omtalar vi begge utbyggingane i same fråsegn. Fråsegnen vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. Ettersom svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydde til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdig grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyser.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Driva kraftverk og Åmot kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>, men området vert også brukt av andre Turlag.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Haugadalen er ein av hovudinnfallsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark. Nasjonalparken og innfallsportane til den, er lokalt, regionalt, nasjonalt og til dels internasjonalt viktige friluftsområde. Bruken av nasjonalparken er omfattande både for uorganisert, organisert via Turlag og andre, og kommersielt (særleg gjeld det Breturar,) friluftsliv. Som det også går fram av konsesjonssøknaden, er Haugadalen mykje brukt for alle desse 3 bruksformene! Vi har inntrykk av at bruken har auka kraftig dei seinare åra, og reknar med at bruken kjem til å auke ytterlegare.

Om sommaren er Haugadalen den klårt viktigaste innfallsporten til nasjonalparken i Jølster kommune, med kanskje (nesten) like stor bruk som dei 8 andre vanleg/relativt vanleg brukte innfallsportane til saman. Dette sjølv om nokre av dei 8 andre innfallsportane i Jølster, som Fonn og Befring i Stordalen og Lunde/Lundeskarret og Dvergdsdalen også vert brukte relativt mykje.

Haugabreen er om sommaren det viktigaste turmålet i området. Dette gjeld både uorganiserte, organiserte og kommersielle turar. Haugabreen er forholdsvis lett tilgjengeleg, og ein fin bre å gå på, også for folk med lite breerfaring. Indre Sunnfjord Turlag arrangerer til og med Barnas Turlagturar på den breen! Sjå: http://www.istur.no/article.php?ar_id=39384&fo_id=1133 og <https://www.flickr.com/photos/isturlag/sets/72157635257205669/>. Indre Sunnfjord Turlag sin årlege septembertur "Leik i blåisen" på Haugabreen er også ein svært populær tur.

Av andre sommarturar i området, nemner vi spesielt den merka ruta gjennom Haugadalen og over til Briksdalen. Dette er ei gamal, tradisjonsrik og fantastisk fin rute! Av umerka ruter som er ein del brukte, nemner vi ruter til Hanekammen og via Jostebotnen og opp på hovudbreen. Det går også ei gamal, men i dag truleg lite brukt rute på austsida av Driva frå Åmot og oppover til forbi støyane.



Haugadalen er også viktig for vårturur på ski via Haugabreen til Snønipa. Dette er ei av hovudrutene på ski til Snønipa, og fleire turlag arrangerer turar her. I tillegg er det mange uorganiserte skiturar langs ruta. Snønipa er eit fantastisk turmål! Men for skigåing er nok likevel Dvergsdalsdalen den viktigaste/mest brukte innfallsporten til Jostedalsbreen nasjonalpark i Jølster, ettersom den er den lettast tilgjengelege og minst rasfarlege innfallsporten vinterstid.

Konflikhtar: Særleg Driva kraftverk er i stor konflikt med friluftslivet. Inntaket ligg nær turruta, Haugastøylen og nasjonalparkgrensa, røyrgatetraseen kryssar turstien like på oppsida av parkeringsplassen, og både dammen, heile røyrgatetraseen og kraftstasjonen vil bli svært godt synlege i det sårbare terrenget innover Haugadalen. Og så vil vassføringa i elva verte kraftig redusert!

I dei 2 somrane med byggetid, vil konfliktnivået bli særleg høgt. Mykje snø og rasfare gjer at byggetida for kraftverket i stor grad vert samanfallande med tursesongen. Lange strekningar av røyrgatetraseen går "midt i" vegtraseen, slik at ein må rekne med at bomvegen innover dalen vert sperra i lange periodar. Til og med til fots kan det bli vanskeleg å ta seg fram. Det er heilt uakseptabelt!

Åmot kraftverk vil ikkje verte i så stor konflikt med friluftslivet som Driva kraftverk. Men inntaket og delar av røyrgatetraseen vil bli godt synlege frå vegen innover Haugadalen. I byggeperioden vil anleggstrafikk truleg skape problem for ferdsla på bomvegen. Men problema vil ikkje verte så store som for Driva kraftverk.

Største konflikten for Åmot kraftverk vil vere med landskap. Fossen forbi Høyset er i dag eit svært viktig og godt synleg landskapselement i Stardalen, og kraftverket er planlagt med så høg slukevne og så låg minstevassføring at fossen langt på veg vil forsvinne. (Men ei minstevassføring på berre 500 l/s vil elva neppe sjå ut som ein skummande foss lenger, den vil heller sjå ut som ei lita elv som renn nedover nokre flate berg.) Unntaket er når vassføringa er så stor at det blir **stort** overløp.

Kommentarar til utbyggingsplanane, Driva kraftverk:

2.1 Hovuddata: Viss NVE skulle gje løyve til utbygginga, **noko vi går sterkt mot**, så er den omsøkte maksimale slukevna på 150% av middelvassføringa ei normal vassutnytting. Men minstevassføringa om sommaren på berre litt over 1/3 av 5-persentil sommar, er sjølvsagt fullstendig uakseptabel. I dette flotte landskapet som er så viktig for friluftsliv og reiseliv, bør minstevassføringa om sommaren vere større enn 5-persentil sommar, og absolutt ikkje mindre!

2.2.4 Inntak: Inntaket er etter vårt syn plassert altfor nær Haugastølen og grensa for nasjonalparken. Figur 36 i Vedlegg 5 viser klårt kor godt synleg inntaket blir frå Haugastøylen. Dessutan må det vel seiest at det er plassert inne i sårbart høg fjellsterreng, sjå OED sine retningslinjer.

2.2.5 Vassveg: Sjølv traseen for røyrgata er truleg like bra/like dårleg som andre trasear. Men det er klårt at med ein røyr diameter på 140 cm, sprenging på halvparten av traseen på 1,5 km og med ei inngrepsbreidde i anleggsfasen på opptil 30 m, så vil inngrepa i dette sårbare terrenget bli svært omfattande. Mykje meir omfattande enn inngrepa frå den eksisterande vegen. Sjølv med god arrondering og istandsetting i etterkant, vil inngrepa bli synlege i mange, mange år framover.

2.2.6 Kraftstasjonen: Med ei grunnflate på 225 m², vil kraftstasjonen bli mykje større enn det som er vanleg for småkraftverk, og eit så stort bygg vil verte eit stort framandelement inne i Haugadalen. Viss NVE skulle gje konsesjon, vil god støydemping vere viktig. NB! I konsesjonssøknaden står det at avlaupet frå kraftstasjonen skal vere på kote 480. Dette stemmer ikkje med det detaljerte kartet i søknaden sitt Vedlegg 3. Der er avlaupet plassert like på nedsida av kote 500, truleg ein stad mellom kote 495 og 500, det er litt vanskeleg å sjå. **Vi ber NVE krevje avklaring på korrekt kotehøgde!**

2.2.8 Vegbygging: Opprustinga av den eksisterande vegen vil truleg føre til sterkt auka inngrep samanlikna med i dag. ”Justeringa av terrenget” frå parkeringsplass til inntak kan bli omfattande!

2.2.9 Massetak og deponi: Den sannsynlege deponeringa av massar i Haugadalen vil vere med på å forsterke inntykket av store nye naturinngrep i Haugadalen. I tillegg vil den store massehandteringa gjere det enda vanskelegare å ferdast i Haugadalen i dei 2 somrane anleggsperioden vil vare.

2.2.10 Nettilknytning: Driva kraftverk og Åmot kraftverk vil til saman fylle opp 70 – 75% av kapasiteten på ei kraftig dimensjonert 22 kV-linje. Linjeforsterkinga som må til for å få krafta frå desse to kraftverka ut, vil prege heile Stardalen, ettersom ei slik forsterka linje vil ha betydeleg større dimensjonar enn den eksisterande 22 kV-linja. Dessutan vil dei to kraftverka sterkt auke sjansane for at det må byggast ei ny 66 kV-linje fram til Skei, noko som vil auke dei samla inngrepa ytterlegare.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket: Vi vil her spesielt understreke dei STORE ulempene ein i anleggsfasen vil få for friluftsliv og naturbasert reiseliv som følgje av:

- Oppgradering av vegen frå bomstasjonen på Høyset og heilt inn til enden av vegen.
- Omfattande anleggstrafikk av ulike slag.
- Nedgraving av røyrkata for ein stor del ”midt i/nesten midt i vegen” innover dalen, sjå kart.
- Andre hindringar i anleggsperioden.

Det er all grunn til å tru at trafikken innover dalen i samband med friluftsliv og reiseliv vil møte på omfattande hindringar i anleggsperioden. Sannsynlegvis vil vegen i lange periodar bli heilt sperra som følgje av anleggsarbeidet. Det vil bli ille!

Kommentarar til verknadane av utbygginga, Driva kraftverk:

3.1 Hydrologi: Som vi alt har nemnt, er den omsøkte minstevassføringa om sommaren altfor låg. Den bør vere høgare enn 5-persentil sommar, ikkje mindre, for til ei viss grad å ivareta kvalitetane i landsskapet!

3.2, 3.3, 3.4, 3.5, 3.6 og 3.7: Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta.

3.9 Landskap og INON: Utbygginga vil i større eller mindre grad påverke 3 ulike landskapsrom, som alle har Stor verdi. Her er vi einige med verdivurderinga i konsesjonssøknaden.

I landskapsrommet frå Stardalen og oppover til forbi Høyset vil landskapet i anleggsfasen bli ganske sterkt påverka av anleggsarbeidet i samband med utviding av vegen og av all anleggstrafikken. I anleggsfasen vil konsekvensen vere Middels negativ, og i driftsfasen Liten negativ.

I landskapsrommet frå litt nedanfor den planlagde kraftstasjonen og oppover Haugadalen til like nedanfor Haugastøylen, er vegen i dag det einaste menneskapte inngrepet ”av betydning”. Resten av landskapsrommet framstår som urørt. I anleggsfasen vil inngrepa her totalt sett bli så omfattande at dei fullstendig vil dominere heile landskapsrommet. Konsekvensen vil bli Svært stor negativ!

I driftsfasen vil konsekvensen endre seg gradvis i løpet av ein periode på 30 – 40 år, etter kvart som det gror til. Men den negative konsekvensen av kraftstasjonen og den reduserte vassføringa i elva, vil vere der heile tida. I dei første åra etter utbygginga vil dei omfattande inngrepa i landskapet bli så godt synlege at vi ikkje vil nøle med å sette konsekvensen til Stor negativ. I løpet av dei sannsynlegvis 30 – 40 åra det tek før røyrkatetraseen gror igjen, vil konsekvensen gradvis gå nedover til i underkant av Middels negativ konsekvens. Det attverande negative vil då vere redusert vassføring i elva, kraftstasjonen med tilhøyrande veg, og dei auka inngrepa som følgje av utviding av vegen og parkeringsplassen i enden av den. **Dei negative konsekvensane er undervurderte i søknaden.**

I landskapsrommet frå og med Haugastøylen og oppover vert landskapet berre påverka av inntaket og den aller øvste delen av røyrgata. Inngrepa vert godt synlege frå Haugastøylen. I anleggsfasen vil vi sette konsekvensen til Middels negativ. I driftsfasen vil vi sette konsekvensen for dette landskapsrommet til Liten negativ. I konsesjonssøknaden er det gjort eit poeng av at ei slik oppdemming som den aktuelle, vil kunne verte positiv i stølsmiljøet. I enkelte tilfelle, til dømes viss den kunstige ”kulpen” kunne brukast som badeplass eller fiskeplass, kunne vi kanskje vore einige. Men det er vi **ikkje** her! Om sommaren vil vatnet i kulpen i all hovudsak vere isvatn frå breane med rask gjennomstrøyming. Vatnet vil vere altfor kaldt til å kunne brukast til bading. Og fisk finst det ifølgje punkt 3.7 i konsesjonssøknaden, svært lite av i elva.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø: Oldeskaret er heilt korrekt nemnt som ei gamal og viktig ferdsels- og turrute som også er eit kulturminne. Vi skal ta med eit par døme på info om ruta:

- Referat frå Jølster Sau og Geit og Oldedalen Sau og Geit sin felles fjelltur frå Stardalen via Oldeskaret til Briksdalen finn ein på denne linken: <http://www.nsg.no/nyheter-aktuelt/referat-fraa-turen-fraa-stardalen-over-oldeskaret-til-oldedalen-article6299-1280.html> Her står ein del historisk informasjon om denne gamle ferdsleveggen.
- No avlidne litteraturprofessor Francis Bull sin tur gjennom Oldeskaret med sin danske kone, er ei velkjend historie fortald av professoren sjølv. Nedstigninga til Briksdalen er bratt, ikkje minst for ei som er dansk! (Men for norske og!)

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 og 2 i fråsegna. Nokre tilleggsmerknadar: Konsekvensen for friluftsliv og naturbasert reiseliv blir i anleggsfasen heilt utan tvil Stor negativ konsekvens. Det er all grunn til å tru at vegen innover Haugadalen i periodar vil bli heilt sperra som følgje av anleggsarbeidet.

Sumverknadar for viktige inngangsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark i Jølster:

1. Veitebergsdalen – Sollibotnen – Snønipa: Påverka av Veiteberg kraftverk. I drift.
2. Høyset – Haugadalen: Konsesjonssøkt Driva kraftverk og Åmot kraftverk.
3. Fonn – Gallen: Urørt førebels.
4. Befring – Befringstølen og vidare (fleire alternative ruter): Befring kraftverk. I drift.
5. Fossheimsdalen: Fossheim kraftverk. I drift. Fossheimsgardane mikrokraftverk. Konsesjon.
6. Lunde-Lundeskaret: Kjøsnesfjorden kraftverk. I drift.
7. Sygnesandsdalen: Kjøsnesfjorden kraftverk. I drift.
8. Sægrov – Vidunderdalsvatnet: Kjøsnesfjorden kraftverk. I drift.
9. Dvergsdalsstøylen – Grovabreen (fleire alternative ruter): Dvergsdalsdalen kraftverk. I drift.

Av Jølster sine 9 viktigaste inngangsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark er det i dag berre 2 att (nr. 2 og 3 ovanfor) som ikkje i større eller mindre grad er påverka av kraftverk som i dag er i drift. Av desse er Høyset – Haugadalen den klårt mest brukte inngangsporten, men også Fonn – Gallen er svært viktig og ganske mykje brukt for kryssing av breen til Tungestølen eller Flatbrehytta. **Dei 2 attverande urørte inngangsportane til nasjonalparken bør forbli urørte! Det er nok no, meir enn nok!!!**

3.19 Samla vurdering: Vi viser til dei merknadane om verdivurderinga vi ha kome med tidlegare i fråsegna. For Landskap i driftsfasen vil konsekvensen vere Stor negativ dei første åra etter utbygging og så vil den i løpet av 30 – 40 år gradvis gå nedover til Middels til liten negativ. For brukarinteresser i anleggsfasen blir konsekvensen i anleggsfasen heilt utan tvil bli Stor negativ. I driftsfasen vil konsekvensen som for Landskap gå ned frå Stor negativ til Middels til liten negativ.

3.20 Samla belastning: Vi viser til det vi har skrive om sumverknader under punkt 3.14 ovanfor. Dette gir ein viktig illustrasjon på korleis tilstanden er i Jølster kommune. Det aller meste er allereie utbygd! I konsesjonssøknaden blir det hevda at *”Store verneområder og verneplaner sørger allikevel for at store nærliggende landområder og vassdrag med god tilstand er vernet mot inngrep.”* Dette stemmer for høg fjellsområda, men **det stemmer i svært liten grad for lågareliggande område under ca. 600 – 700 m over havet. Der er svært mykje, det er vel dekning for å seie det aller meste, utbygd både i Jølster og Gloppen kommunar.** Vi vil her minne om at sjølv om til dømes Jostedalsbreen nasjonalpark er Nasjonalt viktig for friluftsliv – og den statusen fortener den i høgste grad – så er det i dei lågareliggande og lettare tilgjengelege områda det ein kan kalle ”kvardagsfriluftslivet” stort sett går for seg. I dei områda er det aller meste i Jølster enten bygd ut, gitt konsesjon, eller er konsesjonssøkt! Dei lågtliggande områda vert i stor grad brukte kvar einaste dag heile veka, noko som gir stort samla bruksomfang. Dei høgreliggande områda vert i større grad brukte i helgane.

Kommentarar til utbyggingsplanane, Åmot kraftverk:

2.1 Hovuddata: Som for Driva kraftverk, går vi sterkt mot denne utbygginga. Vi vil likevel, som NVE veit at vi nesten alltid gjer, kommentere utbyggingsplanane. Den omsøkte maksimale slukevna på 237,5% av middelvassføringa er ei uvanleg høg vassutnytting. (Opptil ca. 200% er vanleg.) Med ei minste vassføring om sommaren på mindre enn 1/3 av 5-persentil sommar, vil dette bety at den flotte fossen på utbyggingsstrekninga kjem til å forsvinne heilt bortsett frå ved ganske store flaumar. (500 l/s er for lite til at fossen vil sjå ut som ein foss.) I dette flotte landskapet der denne fossen er så viktig, bør minste vassføringa om sommaren vere minst 3.000 l/s, helst enda meir, viss fossen framleis skal vere eit brukbart synleg landskapselement. Men den bør jo ikkje byggast ut!

2.2.4 Inntak: I konsesjonssøknaden står det at inntaket skal vere på kote 480. Viss ein ser på detaljkartet i søknaden sitt Vedlegg 3, vil ein sjå at inntaket der er plassert om lag på kote 495. (Det er litt vanskeleg å sjå heilt nøyaktig.) Kote 480 er nesten 200 m (ca. 180 m?) lenger nede i elva, litt på ned-sida av ei lita, nesten rund øy i elvelaupet. **Skilnaden er vesentleg!** Viss inntaket vert plassert på kote 480 slik det er konsesjonssøkt, vil det ifølgje kartet i Vedlegg 3 bli liggande nede i ei lita kløft, betydeleg meir skjerma for innsyn. På ca. kote 495, der det er teikna inn på kartet, vil inntaket bli liggande i heilt ope terreng, slik at det blir meir synleg i landskapsrommet langs den relativt flate delen av vegen innover Haugadalen. **Vi ber NVE om å krevje at utbyggaren klargjer nøyaktig kvar inntaket er planlagt plassert!** Kote 480 vil vere klårt betre enn kote 495!

2.2.5 Vassveg: Sjølv traseen for røyr gata har vi ikkje spesielle merknader til, bortsett frå at den bør starte på kote 480, i samsvar med konsesjonssøknaden. Men med ein røyr diameter på 180 cm, sprenging på 70 – 80% av traseen og med ei inngrepsbreidde i anleggsfasen på opptil 30 m, så vil inngrepa i terrenget ved sida av den flotte fossen bli **svært** omfattande. Sjølv med god arrondering og istandsetting i etterkant, vil inngrepa bli synlege i mange, mange år framover.

2.2.6 Kraftstasjonen: Viss NVE skulle gje konsesjon, vil god støydemping vere viktig. Mellom anna vil bruk av vasskjølt anlegg vere viktig, slik at ein reduserer/unngår viftestøyen.

2.2.8 Vegbygging: Ifølgje kartet i Vedlegg 3, går den eksisterande traktorvegen på austsida av elva opp til ca. kote 485. (Det står 480 i konsesjonssøknaden.) Den går ikkje heilt borttil elva, men sluttar nær ved. Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon, ber vi NVE om å krevje at traktorvegen på austsida av elva vert brukt som tilkomst til inntaket, og ikkje vegen som går oppover Haugadalen! For friluftsliv og naturbasert reiseliv vil det vere ein stor fordel at vegen oppover Haugadalen ikkje vert påverka av utbygginga. (Vi føreset då at Driva kraftverk ikkje får konsesjon.) Dessutan må traktorvegen på austsida uansett brukast for legging av røyr gata.

2.2.9 Massetak og deponi: Vi ber NVE krevje at det høgstliggande av dei 3 midlertidige masse-deponia vert fjerna. Det er heilt meningslaust å plassere eit slikt deponi så høgt som mellom ca. kote 500 og 517 når røyrгатetraseen skal gå frå det konsesjonssøkte inntaket på kote 480 og nedover!

2.2.10 Nettilknytning: Driva kraftverk og Åmot kraftverk vil til saman fylle opp 70 – 75% av kapasiteten på ei kraftig dimensjonert 22 kV-linje. Åmot kraftverk aleine vil fylle opp nesten 50% av kapasiteten. Linjeforsterkinga som må til for å få krafta frå desse to kraftverka (eller berre Åmot) ut, vil prege heile Stardalen, ettersom ei slik forsterka linje vil ha betydeleg større dimensjonar enn den eksisterande 22 kV-linja. Dessutan vil dei to kraftverka, eller berre Åmot, sterkt auke sjansane for at det må byggast ei ny 66 kV-linje fram til Skei, noko som vil auke dei samla inngrepa ytterlegare.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket: Frå vår side vil vi spesielt påpeike den store negative verkna-den for Landskap som den største ulempa ved utbygginga. Den sterkt reduserte vassføringa i fossen er det aller verste. Men det vil også i mange år blir store og godt synlege inngrep som følgje av røyr-gatetraseen, dei midlertidige steindeponia og vegbygginga. Når utbyggaren omtalar slepping av ei minstevassføring på mindre enn 1/3 av 5-persentil sommar som *"Slipp av forholdsvis høy minste-vassføring om sommeren"*, så vitnar dette først og fremst om sterk mangel på kunnskap om kva krav som i dag vert stilte til moderne småkraftutbygging. 500 l/s vil nesten ikkje vise att i fossen!

Kommentarar til verknadane av utbygginga, Åmot kraftverk:

3.1 Hydrologi: Som vi alt har nemnt, er den omsøkte minstevassføringa om sommaren altfor låg, Den bør vere vesentleg høgre enn 5-persentil sommar for i brukbar grad å ivareta fossen som land-skapselement! Vårt framlegg er minimum 3.000 l/s. Men helst ingen utbygging i det heile!

3.2, 3.3, 3.4, 3.5, 3.6, 3.7 og 3.10: Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta.

3.9 Landskap og INON: Driva og Befringselva er dei sideelvane til Stardalselva som har størst vassføring. Befringselva er alt utbygd. (Er det planlagt ytterlegare ei utbygging i den same elva?) Fossen i Driva som vert så sterkt påverka av det planlagde Åmot kraftverk, er, så vidt vi veit, den ikkje utbygde fossen i Jølster som har klårt størst vassføring. Vi trur vi har dekning for å seie at dette er den flottaste ikkje utbygde fossen i kommunen. Fossen har ekstra stor verdi som landskapsele-ment fordi den er mellom dei som vi av og til kallar "dei naturstridige fossane", dei som vert større og større og vakrare og vakrare dess varmare og tørrare vêret er. **Fossane i breelvane har spesielt stor verdi som turistattraksjonar** nettopp fordi dei er "naturstridige". (Andre fossar tørkar jo inn ut på sommaren når det er varmt og fint vær.) **Slike fossar er så viktige i landskapet at dei ikkje bør byggast ut!** Jf. OED sine retningslinjer. Denne fossen ligg i tillegg i nærområdet til ein nasjonalpark.

At konsekvensen av utbygga av ein slik foss, med minimal minstevassføring om sommaren, er sett til Middels til Liten negativ i driftsfasen, meiner vi viser altfor lita forståing for kor viktige slike "naturstridige" breelv fossar er i landskapet. Stor til Middels negativ er ei meir passande vurdering.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 og 2 i fråsegna, og under punkt 3.14 om Driva kraftverk.

3.19 Samla vurdering: Vi viser til dei merknadane om verdivurderinga vi ha kome med tidlegare i fråsegna. For Landskap er konsekvensen i driftsfasen sett altfor lite negativ. Stor til Middels negativ konsekvens er meir passande. Så viktig er fossen. Og så kjem dei andre inngrepa i tillegg!.

3.20 Samla belastning: Vi viser til det vi har skrive om dette i punkt 3.20 for Driva kraftverk.



Samandrag av Turlaget sitt syn på utbyggingane:

I Sogn og Fjordane Turlag går vi så sterkt vi kan mot utbygging både av Driva kraftverk og Åmot kraftverk. Hovudgrunnane til dette er store konflikhtar med friluftsliv og landskap inne i ein av hovudinnfallsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark. Og så er der ein del andre konflikhtar i tillegg. Sommarstid er Haugadalen den klårt mest brukte innfallsporten til nasjonalparken i Jølster kommune. Den er også viktig for vårskiturar. Turen til Snønipa er "ein klassikar".

Viss vi skal prioritere, så er Driva kraftverk det aller verste, sett frå vår synsstad, fordi konfliktane med friluftsliv er aller størst for den utbygginga. Men konfliktane for begge kraftverka er så store at vi sterkt vil tilrå overfor NVE å avslå begge søknadane!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)